



Mellesdal etter utskiftning. Om lag 1950.

Utlånt av Liv Mellesdal.

SLÅTTEDRENG I MELLESDALEN

Sigmund Simmenes

Det eg no skal gje eit lite tidsbilete av, gjekk føre seg for mindre enn femti år sidan. Om det var i gamle dagar eller i nyare tid, kjem an på augene som ser.

Eg var fjorten år og ferdig med skulen. Ja, eg var endåtil ferdig med framhaldsskulen også. Og då var ein klar for arbeidslivet og skulle meir eller mindre læra seg så smått til å stå på eigne bein.

Ho mor hadde frett at han Knut Mellesdalen trong slåttekar, og eg var driven i slikt arbeid og lysten på å koma ut i verda. Dette var endåtil etter at telefonen var oppfunnen, so han Knut vart kontakta og avtale gjort.

Ein sundagsettermiddag samla eg saman ein sekk med høvelege arbeidsklede og sykla ned til Gammervik. Der hadde me ein liten trebåt liggjande. Den skulle eg ha til å koma meg over fjorden med, slik at ikkje nokon trong henta og skyssa. På Gammervik var det både posthus, butikk og dampskipskai, så her var det urbane senteret i Nordgrend.

Vel over i Mellesdalsstøa vart båten lagt i strengen saman med dei andre båtane, og eg byrja rusla oppover den bratte vegen mot Mellesdalen. Det var tre hus på den 1,5 km lange vegen opp i dalen, og alle plassar var det folk og aktivitet. Først kom eg opp til plassen Dalen, der Magnus Elvik og hans familie budde. Her var og to guitar omlag på min alder. Om sommaren var dei opptekne med å slå og driva det vesle bruket som gav liv til nokre husdyr. Her stogga eg og slo av ein prat, men eg lærde fort at om eg gjekk forbi etter klokka åtte om kvelden, måtte eg vera roleg, for då skulle husbonden sova. Han la seg tidleg, for han skulle som oftast svært tidleg opp. Då skulle han reisa langt avgarde på arbeid, eller ut å slå, om det var den tida.

Vidare oppover bar det med nyedreningen hans Knut. Men før eg nådde enden på vegen, der bruket hans Knut var, gjekk eg forbi hjå han Sverre Steinsland. Hans bruk låg oppe på flatane, og her var eg ofte innom på besøk til Arild, som var min jamaldring og skulekamerat.

Men i dag var det berre å gå forbi, for no var eg ute i alvorleg ærend!

Vel oppe i tunet hjå han Knut, vart eg motteken med munter velkomst og god kveldsmat. Ho Anna stelte til eit godt måltid, og eg vart også bydd kaffi, som det seg sømer ein skapleg arbeidskar. Der måtte eg takka nei, for eg var ikkje byrja med so sterke drykkar enno, så det vart mjølk til skivene der i garden for meg. I tillegg til desse to, var det eldste sonen på garden, han Åsmund. Men som dei fleste menn i sin beste alder der i bygda, var han ute på laksafiske heile veka, så eg såg ikkje mykje til han.

Han Knut sat ved bordet og frette nytt nede or bygda, og eg fortalte det eg visste som eg trudde kunne vera interessant. Men på slike stader der ein sjeldan såg nye fjes, var det meste av nytt godt stoff. Likevel var det det føreståande slåttearbeidet som var viktig no. Han Knut sette meg inn i arbeidsrutinane og dei gjjeremåla eg skulle ta meg av. Og det var det meste, må vita.

Her på bruket hadde dei både hest og tohjulstraktor. Hesten vart brukt til høy- og graskjøring om sommaren og i skogen om vinteren. Men den nye Bücher 8.5 hk. tohjulstraktor med frontvogn og slåtteutstyr, var ein stygg konkurrent! Likevel var det mest berre som slåmaskin traktoren vart brukt, for det var eit heilt styr å montera på slåmaskina.

Eg måtte opp klokka før klokka halv åtte om morgonen og vera klar til arbeidsklokka åtte. Det var ikkje så tidleg. Men så varde arbeidsdagen til klokka sju om kvelden, avbroke av middag og nons med tilhøyrande kvileøkter. Var veret godt, hadde kanskje han Knut vore ute og slege litt ljåslått før frukost. Og hans arbeidsdag slutta heller ikkje klokka sju om kvelden: Om sommaren var det arbeid så lenge ein var vaken.

Me slo det meste av enga i silo. Han Knut slo med maskina, og sidan raka og skubba me saman graset og kjørde det fram til siloen med hest og kjerre. Eit hardt arbeid, men slik var det.

Og så var det høyslåtten. Ein god del av avlinga skulle hesjast og tørkast til høy. Veret var ikkje betre då enn no, så høyberginga var eit hasardiøst spel med naturkreftene. Men som regel fekk me alt i hus.

Etter at den beste enga var slått, stod det ein god del ljåslått att. Dette var det verste arbeidet, tykte eg. Lange, sure dagar med stuttorven i regn og ruskaver fekk draumane om eit betre liv på glid hjå ungguten. Men når sola skein og turka graset etterkvart, var livet betre for drengen!

Som på dei fleste utkantgardar i femtiåra, var det produksjon og sal av smør som var hovudinntekta. Kvar tysdag fekk eg det ærefulle oppdraget å reisa på butikken på Gammersvik og levera smør og handla for veka. Desse turane var kjærkomne "fristunder" og avbrekk frå det harde slåttearbeidet. Den tunge smørpakka ho Anna hadde stelt til vart boren til sjøs og rodd over fjorden. Eg var framme på kaien der butikken var i god tid før "dampen" kom. Av båtane "Bruvik", "Hosanger I" eller gamle "Oster", var det Bruvik som var den gjævaste. Og når dampen fløyte ute på fjorden, var mykje folk samla på kaien. Her sto tre – fire hestar med kjerre bundne med høysekk-nista si for mulen bak bua. Og butikkfolka gjorde seg klare til å ta imot hiv av ulike slags varer. Og for oss barn og unge, var dette interessant. Me hadde gjerne ein femogtjueøring klar og pila ombord og kjøpte siste nummer av Vill Vest. Det var stor stas med dampen. Det var ein dåm av det forlokkane og spanande bylivet som på ein måte vart porsjonert ut på kaiane der dampen la til. Av og til kom det nokon på land. Dei hadde vore ute på tur og hadde finklede på og hadde mykje spanande i veska.

Og so var det alle feriefolka som kom om sommaren. Dei kom og for med dampen, og var med på å gje folk ei kjensle av sommar og noko byfolka kalla for ferie.

Etter dette eksotiske avbrotet i kvardagen, tutla eg meg nedatt i båten og rodde over fjorden att med varene i sekken. Men eg hadde bevilga meg ein Kvikklausj-sjokolade på butikken. Det var eit luksuriøst herremåltid som eg nytte i langsomme drag medan eg rodde attende. Sidan løna var åtte kroner dagen, var den prisen på syttifem øre for sjokoladen heller høg, så dette var ei stor utskeiing.

På den strekninga eg rodde til og frå butikken, kunne eg sjå fleire forskjellige sitjenotplassar for laks. Det var Vasslida, Hönshamn, Flothamn, Toliæ, Sverrestuen og Simmenesklubben. Alle stader var det nøter uti og folk på vakt.

Vel oppe i Mellesdalatt var det i fullt arbeid. Og det gjekk med liv og lyst, for han Knut var ein optimistisk og humoristisk arbeidsherre. Det var alltid kjekt å arbeida saman med han, sjølv om eg tykte det vart i hardaste laget somme tider.

Ei anna "frislepp" frå slåtten var når eg av og til skulle opp i marka og mjelka kyrne. Dei fleste var utgjelda for sommaren, men det var ei som mjølka, og vanlegvis var Knut oppe og mjelka sjølv. Men av og til var det min tur. Eg fekk med meg eit ryggjabytte av blekk med dobbelt lok og ei bytte å mjølka i. Det var fine

turar opp til området der stølane låg. Verst var det å få tak i kyra og få ho til å stå stille. Eg balte følt med det mange gonger. Og so sparka ho ofte ned når ho var lei den fomleta mjølkinga mi.

Denne sommaren gjekk eg også for presten og "las", som konfirmasjonsførebuinga heitte då.

Ein føremiddag kvar veke etter at presteferien var omme, reiste Arild og eg frå Mellesdalen til kyrkja på Stamnes, der Nikolai Lien samla oss til åndeleg vokster. Denne turen var forvitneleg nok, og er eit kapittel for seg. Men dette var og fine turar som knyter seg saman omkring minne frå tida som gardsdreng i Mellesdalen. Kvar laurdagsettermiddag reiste eg heim i Toskedalen etter ei hard arbeidsveke. Då var det godt å kunna kvila ut og berre spela seg før sundagskvelden kom og eg måtte utatt på nytt.